



Vestland fylkeskommune
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	901 46 818	2025/819-1		05.06.2025

Innspel til forslag til Planprogram og Hovudutfordringar i Vestland - Vassforvaltningsplan 2028-2033

Planprogram - Høyrings spørsmål

Her er Kvinnherad kommune sine innspel om vassregionen si organisering er god nok slik den er i dag og våre forslag til endringar.

1. Er det tydeleg når og korleis ulike styresmakter skal delta i arbeidet?

Svar frå kommunen: Det er tydeleg kva tid vi skal delta i planarbeidet og kva områder vi har myndigheitsutøving på, men utfordringa er å gjera dei som tek avgjerslene gode på vassforvaltning og at ein klarer dra i same retning saman med aktørar som påverkar vassførekomstane negativt. Kan lett koma i målkonflikt mellom vassforvaltning, matsikkerheit, næringsutvikling, natur -og klimautfordring. Vassområdekoordinator som bidreg med brei deltaking og god informasjon er avgjerande for at vassforvaltningsarbeidet skal lukkast i kvar enkelt kommune.

2. Er det viktige tema eller utgreiingar som manglar i planprogrammet?

Svar frå kommunen:

Det er positivt at skogbruk er kome inn som tema med forsterka merksemd i programmet.

- Når det gjeld landbruk så er dette eit tema som burde vore med som eit forsterka tema. Tenkjer å ha forsterka fokus på teamet samtidig med ny gjødselvereforskrift, ville gjeve ein mogleg god synergieffekt. Synleggjering i planprogrammet vil bevisstgjere at landbruk er ein av påverkarane til at vassmiljøet i enkelte vassdrag ikkje har god eller betre miljøtilstand.
- Den uregulerte turismen som utløyser utfordringar med at det totale fotavtrykket vert så stort at det kan føra til lokale forureiningar av lokale vasskjelder. Bake vassforvaltning inn i besøksforvaltninga bør vera tema frametter.

3. Har de forslag til forbetringar av planprogrammet?

Svar frå kommunen:

Det er positivt at det er teke inn dømer på kva som er utfordringane og kva som er urovekkjande utvikling, samt kva verkemiddel ein kan bruka for å nå miljømåla. Planprogrammet er eit forholdsvis stort dokument og saman med dokumentet, hovudutfordring, er det mykje som skal lesast for å få eit heilskapleg bilete. Dette kan vera krevjande for personar som ikkje har den kunnskapen om vassrelaterte tema. Det er heilt sikkert gjort forenklingar i dokumenta, for å oppnå felles forståing. For å unngå oppleving av eit dokument med mykje tekniske termar og stammespråk, kan til dømes ord som *kvalitetstap, forbetring og gjenoppretting* brukast hyppigare, meir enn termene om *minst god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand*.

4. Er det behov for å endre planretningslinjene (sjå kap. 3.5)?

Svar frå kommunen: Dokumentet inneheld oppdatert oversikt over miljøtilstand, påverknader og status for gjennomføring av tiltak. Ei felles forståing av kva som er dei viktigaste utfordringane vil gi et godt grunnlag for vidare samarbeid om forvaltingsplanen og tiltaksprogrammet.

5. Har du forslag til organisering av vassregionen (sjå kap. 7)?

Svar frå kommunen: Medverknad og informasjon på tvers heile vegen, er viktig for forståing av dette store arbeidet med vassforvaltning.

a. Korleis bør kommunane vere representert i vassregionutvalet og i vassområdeutvala (politisk/administrativt)?

Svar frå kommunen:

Det vil vera ein fordel om ein fortset med organiseringa slik det er no. Politisk forankring er avgjerande og vert sikra når politisk representant er med i utvala.

b. Er det behov for eit arbeidsutval under Vestland vassregionutval? I dag er det etablert mindre funksjonelle administrative arbeidsgrupper i staden for eit arbeidsutval.

Svar frå kommunen: Om ein skal tenkje heilskapleg på fjordsystemet med tilhøyrande nedbørsfelt kan ein tenkja at eit representativ arbeidsutval som ei god løysing, men at dei fungerer saman med administrative arbeidsgrupper. Igjen medverknad og informasjon viktig.

c. Er Vestland vassregionutval godt samansett? Bør vi t.d. ha ei samanblanding av politiske og administrative representantar i vassregionutvalet slik som no eller er det behov for å gjere endringar?

Svar frå kommunen: God ordning slik det er organisert pr. i dag. Sikrar politisk forankring med denne ordninga.

6. Er det behov for å justere grensene for vassområda eller å slå enkelte vassområde saman t.d. slik at heile fjordområde med tilhøyrande nedbørsfelt inngår i same vassområde?

Svar frå kommunen: For å få ein heilskapleg oversikt og god forvaltning er nok det å sjå heile fjordsystemet med tilhøyrande nedbørsfelt under eitt ein riktig veg å organisere vassforvaltninga på frametter.

7. Korleis bør vi leggje til rette for medverknad frå frivillig sektor og interessantar i planprosessen?

Svar frå kommunen: Må publiserast på anna måte enn i dag for å nå ut til dei. Mogeleg skaffa analysar for å sjå kor vi kan nå flest mogeleg. Her kan ein tenkje dokumentstorleik og stammespråk som ein hemmande faktor for manglande medverknad.

8. Har du viktige innspel til det føreslegne programmet for utgreiing av konsekvensar for miljø og samfunn (KU) (kap. 8)?

Svar frå kommunen: Saknar ei tydeleg formidling om at kor viktig reint vatn er for oss og at kvaliteten i dag er usikker mange stadar og at kunnskapsgrunnlaget for vatn ikkje er utfyllande nok. «Reint vatn» må tydeleggjerast som eit overordna mål i KU.

9. Har du eller din organisasjon innspel om tema som bør få auka merksemd, bør vurderast og/eller utgreiast i arbeidet?

Svar frå kommunen: Sur nedbør kva konsekvens vil dette få med auka nedbørsmengd?

Hovudutfordringar i Vestland – Høyrings spørsmål

Spørsmål vi særleg ønskjer svar på i høyringa:

1. Er miljøtilstand og påverknader korrekt beskrivne? Finst det data hos sektorstyresmakter eller lokal/erfaringsbasert kunnskap som kan bidra til ei endå betre beskriving?

Svar frå kommunen: For å få lokal/erfaringsbasert kunnskap kunne ein database som publikum kunne meldt inn negative påverkarar, vore nytta. Døme på slike løysingar er Hold Norge Rent der deltakarar legg inn kor og kva søppel som vert funne i eit bestemt område. Likande løysing for vassforvaltning ville mogeleg fått temaet enda meir allmenn kjent, skapt engasjement, og fått ei allmenn bevisstgjerjing om målet om reint vatn.

2. Er alle viktige interesser ivaretekne? Er det interesser av betydning som ikkje blir nemnde?

Svar frå kommunen: Påverkarar som er med på å gjera vassdraga vore dårlegare må verta involvert slik at dei får eigarskap til resultatene av tiltaka som vert gjort. Den heilskaplege forståinga om at vi har ein felles fjord som vi skal ta vare på, må systematisk arbeidast med. Godt døme er overvakinga av Hardangerfjorden der forureinar er med på eit spleiselag for kunnskapsinnhenting. Denne metoden er god for felles forståing der fleire ulike aktørar vert pålagt å ta ansvar. Slike aksjonar er ein viktig pådrivar frametter og ein vil på denne måten ivareta andre interesser.

3. Har du eller din organisasjon/bedrift/styresmakt innspel til prioriteringar eller andre moment til det vidare planarbeidet?

Svar frå kommunen: Overvakinga av Hardangerfjorden må fortsetja og fokus på overvakinga må informerast og offentleggjerast etter kvart som det føreligg resultat.

4. Er dei nødvendige verkemidla som trengst for å gjennomføre tiltaka på plass?

Svar frå kommunen: Alltid rom for meir informasjon ut til negative påverkarar og at alle vert bevisst sitt ansvar for vassmiljøet. Få alle med på laget er viktig. Synleggjing av resultatene av tilstanden i vassførekomstane må forenklast og lagast på ein måte alle kan forstå på ein lett måte. Formidlingsmetode til dømes slik Oppsynsmannen vart framstilt på NRK er effektivt og skapar engasjement.

Med helsing

KVINNHERAD KOMMUNE

Synneve Skei

Konsulent miljøretta helsevern

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Leif Ove Mikkelsen
Synnøve Handeland

Rosendalsvegen 10
Rosendalsvegen 10

Anbjørn Høivik

Rosendalsvegen 10

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune